

# Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep

Alle barn har rett til å vekse opp utan vald og overgrep. For å lukkast med arbeidet mot vald i nære relasjonar, er det nødvendig med auka fokus på problematikken. Det er viktig at innbyggjarane og tilsette i Kvinnherad og Ullensvang forstår at vald kan skje i nærområdet og med barn og familiar me kjenner. Vald skjer i alle samfunnslag. Det er ikkje lenger slik at det berre er barnevernet som har særleg ansvar for barn og unge som er utsett for vald og overgrep. Dette er eit ansvar alle tilsette i kommunen har. Me ynskjer å sette fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid.



## Bakgrunn

Vald og overgrep mot barn er eit alvorleg helseproblem, som rammar mange. I 2018 gjennomførte NKVTS ei nasjonal representativ omfangsundersøking av valds- og overgrepserfaringar og omsorgssvikt blant 9 240 ungdom i alderen 12 til 16 år. Resultata viser at barn og unge framleis er for dårleg verna mot vald og overgrep, og at nokre grupper barn og unge er dårlegare verna enn andre.

Barn treng informasjon og kunnskap om vald og seksuelle overgrep, grenser for eigen kropp, at det aldri er barn si skuld og at ein kan seie i frå. Mange barn som lever med vald eller seksuelle overgrep veit ikkje at dette ikkje er lov, eller trur at dette er normalt.

For at dei vaksne skal kunne snakke trygt med barn om dette temaet, kunne sjå og fange opp signal frå barn som er utsette, og vite korleis ein skal handle, er det nødvendig med kompetanse. På denne måten kan vi i større grad førebyggje og avdekke tidleg, slik at vi kan setje inn rett hjelp til rett tid. I dag er mykje av dette arbeidet tilfeldig.

## Målgruppe

- Barn og unge frå 0-16 år
- Tilsette barnehage, skule og helsestasjon
- Tilsette i barnevernstenesta

## Hovudmål

- Gi barn og unge auka kunnskap om vald og seksuelle overgrep.
- Auka kompetansen om vald og seksuelle overgrep til tilsette som møter barn og unge, særleg tilsette i barnehage og skule.
- Setje inn rett hjelp til rett tid, ved å ha gode hjelpetiltak til barn og familiar der det er mistanke om, eller avdekka vald og seksuelle overgrep. Det vil vere særleg fokus på god gjenforeining etter tilrettelagt avhøyr på Statens Barnehus.

## Kva skal vi utvikle?

- Plan/system for å auke kompetansen om vald og seksuelle overgrep i kommunale tenester.
- Plan/system for å auke barn og unge sin kompetanse om vald og seksuelle overgrep.
- Ein god modell for hjelpetiltak til barn og familiar der det er mistanke/avdekka vald eller seksuelle overgrep, slik at barn får rett hjelp til rett tid.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Randi Pedersen, Leiar Barneverntenesta i Kvinnherad, e-post [randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no](mailto:randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no)  
 Kurt Helge, prosjektleiar, e-post [kurt.helge.dahl@kvinnherad.kommune.no](mailto:kurt.helge.dahl@kvinnherad.kommune.no)  
 Vibeke Lynghammer, prosjektmedarbeidar, e-post [vibeke.lynghammer@ullensvang.kommune.no](mailto:vibeke.lynghammer@ullensvang.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom barnevernstenestene i Kvinnherad og Hardanger, og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. [Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)